


MOLVÆR BARNEHAGE

ÅRSPLAN 2024/2025



AKTIV OG GLAD I EIT TRYGT MILJØ

I Molvær barnehage har vi jobba fram eit felles verdigrunnlag, dette skal alle jobbe etter, og vi skal sjå, kjenne og høyre det i det daglege arbeidet i barnehagen.

VÅRE GRUNNVERDIER ER:

M MEISTRING | I Molvær barnehage skal dei vaksne vere støttande stilas for barna.

O OMSORG | I Molvær barnehage skal barna møte autoritative vaksne.

L LEIK | I Molvær barnehage skal dei vaksne tilrettelegge gode leikemiljø.

V VENNSKAP | I Molvær barnehage har dei vaksne ansvar for at barna får vener å leike med.

Æ ÆRLEG | I Molvær barnehage skal vi opparbeide gode relasjonar både til barn og foreldre, slik at dei kjenner seg trygge.

R RAUS | I Molvær barnehage skal dei vaksne vere løysingsorienterte, og ikkje vere redd for å gi litt ekstra!

BARNEHAGEÅRET 2024-2025

VELKOMMEN TIL OSS I MOLVÆR BARNEHAGE

Postboks 193, 6039 LANGEVÅG Geilneset 31, 6030 LANGEVÅG
Email: anne-kari.vadset@sula.kommune.no

Styrrar: Anne Kari S. Vadset - mobil 414 68 780/957 10 298



KØYLA


24 plassar for barn i alderen 3-6 år

Pedagogiske leiarar:
Mariann H. Sandvik
Linda Navelsaker

Fagarbeidar:
Linn Sofi Vegsund

Assistent:
Dorota Pietrzak-Kogut

Tel: 48 09 33 43 og 48 01 57 80



MØLEN

18 plassar for barn i alderen 3-6 år

Pedagogisk leiar:
Signy Vågnes

Fagarbeidar:
Ingun Urke

Tel: 48 08 96 69 og 46 95 64 55



JAKOBFJØRA

12 plassar for barn i alderen 1-3 år

Pedagogiske leiarar:
Hanne Weibust Rolland
Kristine Sandvik Vadset

Fagarbeidarar:
Janne Lise G. Håvik

Assistent:
Liga Purpisa

Tel: 48 10 13 37 og 48 22 81 52



GEILNESET

12 plassar for barn i alderen 1-3 år

Pedagogisk leiar:
Rønnaug Havnegjerde

Assistentar:
Linda Dybvik

Tel: 48 08 94 81 og 94 14 03 32

Vår spesialpedagog: Catharina Kringstad Vedde

ÅRSPLANEN VÅR

Årsplanen er laga av personalet og er delt inn i to delar.

DEL 1

finn de på heimesida til barnehagen.

Årsplanen skal mellom anna vise korleis barnehagen arbeider med omsorg, leik, danning og læring. Progresjon skal tydeleggjerast, dette betyr at personalet skal utvide og byggje vidare på barna si interesser og gi barna varierte erfaringar og opplevingar. Årsplanen skal også synleggjere korleis medverknaden frå barn og foreldre blir teken inn i arbeidet. Meir om korleis vi i Molvær barnehage jobbar med dette finn de på heimesida til barnehagen: Sula kommune - Molvær barnehage - årsplan.

DEL 2

er laga som ein kalender og gir informasjon om barnehagen sitt innhald, arbeidsmetodar og målsettingar.

Årsplanen har fleire funksjonar:

- Arbeidsreiskap for barnehagepersonalet til å styrke verksemda i ei bevisst og uttalt retning.
- Utgangspunkt for foreldre til å kunne påverke innhaldet i barnehagen.
- Grunnlag for det kommunale tilsynet med barnehagen.
- Informasjon om det pedagogiske arbeidet til eigaren dvs. kommunen, politikarane, samarbeidspartar og andre interesserte.

Barnehagen sitt samarbeidsutval har godkjent årspalkalenderen.

Anne Kari S. Vadset
Styrrar



IST Home og IST Daglig dialog

Barnehagen nyttar IST Daglig dialog, eit system for kommunikasjon mellom barnehage og heim. De foreldre nyttar appen IST Home, som de finn på AppStore og på Google Play. For å sikre informasjonen om barnet ditt er det nytta sikker pålogging i appen. Foreldre loggar inn og kan her melde fråvær, registrere fri/ferie, legge inn kven som kan hente barnet og kommunisere med dei tilsette og avdelinga, gjennom chat-funksjonen. Foreldre må legge inn opphaldsplan for barnet. Barnehagen nyttar systemet for å registrere når barnet kjem og blir henta.

LIVET I FJØRA

Molvær barnehage har fjøra og sjøen som næraste nabo. Vi ønsker å gi barna mange og varierte erfaringar med dette flotte området i all slags ver og gjennom dei ulike årstidene. Ein del av dette vil også vere å sjå kva som er i fjøra, kva som høyrer til der og ikkje. Vi ønsker å skape ei gryande forståing for samspelet i naturen, og for ansvaret vi menneske har for å ta vare på naturen rundt oss. Dette barnehageåret vil vi fremme bevegelsesglede i fjøra og ha fokus på livet i fjøra kvar månad.



DEI 7 FAGOMRÅDA

Rammeplan for barnehagen deler innhaldet inn i 7 fagområde, som skal vere sentrale for oppleving, utforsking og læring.



KOMMUNIKASJON,
SPRÅK OG TEKST

KUNST, KULTUR
OG KREATIVITET

KROPP, RØRSLE
MAT OG HELSE

ETIKK, RELIGION
OG FILOSOFI

NÆRMILJØ OG
SAMFUNN



NATUR, MILJØ
OG TEKNOLOGI

MENGD, ROM
OG FORM

De kan de lese meir om korleis vi i Molvær barnehage jobbar med fagområda på heimesida vår:
sula.kommune.no/tenester/oppvekst-og-utdanning/barnehage/barnehagar-i-sula-kommune/molvar-barnehage/arsplan/fagomrade/

PROGRESJON

Alle barn i Molvær barnehage skal oppleve progresjon. Rammeplanen for barnehagen seier progresjon i barnehagen er at alle barn skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Barn er ulike, har ulik alder, og vil naturleg trenge ulik tid og tilpassing for å utvikle seg. Gjennom barnehagekvardagen vil barn få ulike erfaringar og opplevingar. Vi skal legge til rette for at barn i alle aldersgruppe får varierte leike -, lærings- og aktivitetsmuligheter. Gjennom å oppdage, følge opp og utvide det barna er opptekne av, kan vi legge til rette for mestringsopplevingar og gi dei noko å strekke seg etter.

UTVIKLINGSARBEID

FOR BARNEHAGEÅRET 2024/2025

Vi følgjer Handlingsplan for kompetanseutvikling i kultur og oppvekst 2024-2026. Felles tema er Inkluderande praksis. Her vil vi mellom anna nytte kompetansepakke frå Udir; «Tidlig innsats og gode overganger» og «Tilpasse og tilrettelegging». I tillegg vil barnehagane ha fokus på: Språkutvikling og språkvanskar.

Vi ønsker å fortsette utviklingsarbeidet «Leik med rom for alle», inkludering og mangfald blir viktige stikkord her. Målet er å auke dei vaksne sin kompetanse om leik, og utvide barna sin leikekompetanse. Vi nyttar også her kompetansepakke frå Udir.

Internasjonalt arbeid; i dag er vi med i eit samarbeid med 3 nordiske land; Island, Finland, Sverige gjennom eTwinning med tema; Vatn. Vi har ei felles delingsplattform og kommuniserer her med ein barnehage i kvar av dei andre landa.



AKSJONSDAG

Kvart år, i slutten av april, har vi aksjonsdag i barnehagen.

Det er ein tradisjon vi er stolte av å ha.
På sjølve aksjonsdagen opnar vi barnehagen kl. 12:30-15:30
for ALLE som vil kome å kjøpe lodd, kaker og kaffi.



Men før vi kjem så langt ligg det mykje godt arbeid til grunn frå både barn og vaksne. Vi startar alt hausten før med å lage gevinstar. Barna er med og plukkar/haustar frukt og bær, som vi lagar smakfulle gevinstar av; saft, sylte og gele. Når det nærmar seg den store dagen vil vi be om hjelp fra foreldre til å bake til kaféen. Vi samlar inn pengar til ein organisasjon som jobbar for menneske som treng hjelp. Vi ønsker at barna i Molvær barnehage skal få erfaring med solidaritet, inkludering og mangfaldet i samfunnet vårt, og at vi, kvar og ein, kan vere med og gjere ein forskjell for andre.

I 2024 samla vi inn vel kr 33 000,- til Frelsesarmeen. Vi ønsker også i år å støtte det viktige arbeidet denne organisasjonen gjer.

FELLES SANGSAMLING – SYNGENDE BARNEHAGE

Ein tradisjon i barnehagen er at vi på fredagane møtast til felles sangsamling, der avdelingane bytter på ansvaret. Vi i Molvær barnehage har alltid sunge mykje, både gamle og nye sangar og i ulike situasjonar. Vi brukar song som verktøy i kvardagen. Vi syng før vi skal ete, når vi er i samling, når vi har bursdagsfeiring og i ulike aktivitetar, inne og ute. Ein tradisjon i barnehagen har vore at vi på fredagane har felles sangsamling, der avdelingane bytter for ansvaret og leiing. Her syng vi, spelar musikk, leikar og dramatiserer. Målet er at vi skal ha ei felles oppleving der vi har det kjekt ilag og samlar oss, og der vi kan hente inspirasjon og lære av kvarandre. Denne tradisjonen vil vi fortsette med.

Molvær Barnehage er ein del av «SYNGENDE BARNEHAGE», ein nettressurs som gir oss tilgaa «Skattkammer» med idear til sangar, regler og forskjellige musikkaktivitetar.

Forskning viser bl.a. at:

- Sang skaper glede og gode opplevingar.
- Sang, gjennom heile dagen, bidrar til å skape merksemd og positiv stemning.
- Sang styrker tilknytning og emosjonell utvikling.
- Sang styrker språket. Sang, rim og regler er nyttige for språkutviklinga



BURSDAG I BARNEHAGEN

Vi flaggar for barnet og heng opp ballongar og bilder av jubilarnten. Barnet får krone som det har vore med å pynta sjølv, og er med på å lage ei bursdagsgåve. I bursdagsamling set vi fokus på bursdagsbarnet slik barnet ønsker det sjølv. Dei får vere med å velge bursdagssong og innhaldet i samlinga; song, eventyr, leikar og liknande. Barnehagen ordnar med bursdagsmaten. Borda blir dekkja som til eit bursdagselskap og vi serverer yoghurt med frukt og bær.

Invitasjonar til private selskap skal ikkje leverast ut i barnehagen.

AUGUST 2024



VI TAR EIN SANG FOR Å KOMME IGANG
SHUBI, DUBI, DUBI,
VI ER HER (BRUKE BARNAS NAMN)
ÅPNE OG STENGE

LIVSMESTRING OG HELSE
TILKNYTNING OG
VENNSKAP

MOTO-LEIK
KOORDINASJON



TILKNYTNING OG OPPSTART

August er tida for oppstart og tilknytingsprosessar. For dei nye barnehagebarna handlar denne første perioden om å skape gode og trygge relasjonar både til personalet og dei andre barna i barnehagen. Vi ønsker at barn og familie skal oppleve tilknytingsperioda som trygg og omsorgsfull. Trygge foreldre = trygge barn.

August er også tida da «gamle» og «nye» barn og personale, møtast og nye vennskap og relasjonar skal skapast.



DEN FØRSTE TIDA I BARNEHAGEN

- Har vi ei fast rutine på dagen. Den hjelper barna til å orientere seg, og skape tryggleik
- Vi syng mykje saman. Å syng skaper glede, bygger vennskap og styrker tilknytninga
- Vi set av god tid til leik ute og inne
- Vi blir kjende med barna sine interesser og behov
- Personalet og nye foreldre blir kjende med kvarandre



SEPTEMBER 2024



EN PINNSVIN FAMILIE PÅ FEM
HEI OG VELKOMMEN TIL SAMLING
HAUSTPOLKA

LIVSMESTRING OG HELSE
TILKNYTING
OG VENNSKAP

MOTO-LEIK
BALANSESANS



LIVET I FJØRA






Vi går tur i fjøra vår for å gjere barna kjende med nærmiljøet til barnehagen.
Vi øver på å gå/balansere på rullesteinane. Dei minste barna kan trenge ei hand å halde i, mens dei eldste barna kan klare dette sjølve.

TUR – OG AKTIVITETSGRUPPER

Vi startar opp med tur- og aktivitetsgrupper.
Vi har som mål at barna skal få positive opplevingar og erfaringar ute i naturen.




| | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Laurdag | Sundag |
|----|--------|--|--------|---------|--|---------|--|
| 35 | | | | | | | 1  |
| 36 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6  | 7 | 8 |
| 37 | 9 | 10 | 11 | 12 | 13 | 14 | 15 |
| 38 | 16 | 17  | 18 | 19 | 20 | 21 | 22 |
| 39 | 23 | 24 | 25 | 26 | 27 | 28 | 29 |
| 40 | 30 | | | | | | |

OKTOBER 2024



HØGT I EIT EPLETRE
HVIS DU EIER TUSEN PLOMMER

LIVSMESTRING OG HELSE
MEG SJØLV




MOTO-LEIK
BERØRINGSSANS

LIVET I FJØRA



Vi leitar etter skjell, tare, krabbar, tanglopper og andre skattar. Vi vil invitere til gode samtalar gjennom å føle på harde skjell, mjuk tare, glatte steinar, ru småsteinar, og kald sjø.



NOVEMBER 2024



DESEMBERSANG FOR OSS
BRANNMANNSSANGEN
FORD ESCORT

LIVSMESTRING OG HELSE
FAMILIEN



MOTO-LEIK
STABILITET OG BALANSE

LIVET I FJØRA



Vi ønsker å ta vare på fjøra vår og derfor er det viktig at vi rydder bort det som ikkje høyrer til der. Søppelet kildesorterer vi i barnehagen.



Mot slutten av månaden startar vi med juleverkstad. Då lagar vi julegåver, syng julesongar og øver på vår eigen desembersong!



BARNA SKAL FÅ KJENNSKAP TIL BRANNVERN

Brannføreskriftene pålegg barnehagen å gjennomføre min. 2 brannøvingar for året. Barnehagen ønsker at personalet og barna skal vere trygge på evakuering og rutinane rundt ein eventuell brann i barnehagen sine lokale. Når vi har brannvernopplæring støttar vi oss på materiell frå Brannbamsen Bjørnis.

Barna skal mellom anna få:

- Høyre lyden av røykvarslaren
- Lære kva dei skal gjere når dei høyrer røykvarslaren
- Besøk av brannbilen.
- Ein finn god informasjon inne på <https://brannbamsen.no/>





DESEMBER 2024

DESEMBERSANG FOR OSS
PÅ LÅVEN SITTER NISSEN
JEG GIKK MEG OVER SJØ OG LAND
EIT BARN ER FØDT I BETLEHEM
SVART SENKER NATTEN SEG (LUCIA)

LIVSMESTRING OG HELSE
FAMILIEN

MOTO-LEIK
HØRSELSSANS



LIVET I FJØRA



Det er spennande å følge livet i fjøra gjennom dei ulike årstidene. Denne månaden jobbar vi spesielt med å lytte til lydane vi høyrer der (t.d. bølgene om slår innover rullesteinane).



BARNA SKAL FÅ KJENNSKAP TIL ULIKE JULETRADISJONAR

AKTIVITETER FØR JUL:

Juleverkstad • Adventsamling • Julesongar • Bruke sansane våre til å smake, sjå, kjenne, høyre og lukte jul • Pynte med lys, lenker og nissar • Gå rundt juletreet • Julebuffet • Lucia feiring/markering; 4 og 5 åringane går i Luciatog og syng for dei på Molvær senter og Molværsvegen • Nissefest • Barnehagegudsteneste • Julevandring i kyrkja for førskulebarna

Vi ønsker å invitere foreldre og søsken til **LUCIA FEIRING I BARNEHAGEN** på morgonen, onsdag 13. desember. Barna på Mølen og Køyla går i Luciatog og syng. Barna på småbarn er publikum saman med foreldra. Vi avsluttar markeringa med gløgg/saft og lussekattar.

DESEMBERSANG

av Trude Ø Tryggestad

Desember det er kjeledress, desember det er vott
Desember er ein lusekatt og kos på fang så godt.
Desember det er julesang og små glimt med magi
Desember er å vere saman, desember er å gi.

Ref.

Tenk om vi får snø i år, og is på bakken her.
Tenk om vi får gå på ski og bruke haugen der.
Tenk om vi får snø i år, på heile Molvær land...
Tenk om vi fikk fange våte snøfnugg i ei hand.

Desember det er pepperkaker og lukter klementin
Vi pynter heile barnehagen - gjeitt om den er fin
Desember kjenne god og varm, med strikkekle og ull
Desember det er lesestund og vanleg tøys og tull...

Ref.

GOD JUL TIL SMÅ OG STORE!

| | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Laurdag | Sundag |
|----|---|--------|---|---|--|---------|--------|
| 48 | | | | | | | 1 |
| 49 | 2 | 3 | 4 |  JULEBUFFET | 6 | 7 | 8 |
| 50 | 9 | 10 | 11 | 12 |  LUCIA | 14 | 15 |
| 51 |  16 | 17 |  NISSEFEST | 19 | 20 | 21 | 22 |
| 52 |  23 | 24 | 25 | 26 | 27 | 28 | 29 |
| 1 | 30 | 31 | | | | | |

JULEFERIE – BARNEHAGEN STENGT

Julaftan

1. juledag

2. juledag

Nyttårsaftan

JANUAR 2025

SYNGENDE
BARNEHAGE

BUSTEBARTEPINN
SNØKRYSSTALLER
SNØGUBBER

LIVSMESTRING OG HELSE
**SOSIAL
KOMPETANSE**

MOTO-LEIK
**GRUNNLEGGANDE
AKTIVITET**



LIVET I FJØRA



Vi vil oppleve og utforske naturen og mangfoldet i fjøra saman med barna. Vi vil kjenne på ulike vertypar som vind, regn, snø, is, kulde og korleis dette påverkar oss.




VINTERFESTIVAL

Småbarn arrangerer festival
med vinteraktivitetar for heile barnehagen.



Etter jul kjem barna tilbake til barnehagen med mange opplevingar. Då er det naturleg at vi gir rom for litt juleinnhald i januar også. Sjølv om «jula varer heilt til påske..», må vi nok rydde ut jula litt etter litt og feire det nye året.



FEBRUAR 2025



TOMMEL MØTER TOMMEL
SOL UTE, SOL INNE
SOLA ER GOD, SOLA ER TOPPEN
KARNEVAL SANG

LIVSMESTRING OG HELSE
SOSIAL KOMPETANSE

MOTO-LEIK
FINMOTORIKK



LIVET I FJØRA



Vi vil øve på å sortere i fjøra og samanlikne storleikar. Bruke naturmateriale i leike- og formingsaktivitetar.

KARNEVAL

I tida før karnevalet vil vi førebu oss med å kle oss ut, høyre musikk og lage instrument.

Slik gjer vi det i Molvær barnehage:

- Barn og vaksne kler seg ut
- Karnevalstog m/musikk
- Karnevalssamling
- Katta i sekken



SAMEFOLKETS DAG

Barnehagen skal synleggjere samisk kultur og bidra til at barna kan utvikle respekt og fellesskapskjensler for det samiske mangfaldet (rammeplanen for barnehagen) Gjennom temaarbeid med ulike aktivitetar, leik, formingsaktivitetar og eventyr vil vi bidra til at barna får kjennskap til samane sitt liv og kulturen deira.



No kjem endeleg sola tilbake til barnehagen. Då må vi ha solfest!



**SOLA ER GOD,
SOLA ER TOPPEN
SOLA ER VARM
OG DEN BRUNER PÅ KROPPEN.
SOLA SOM SKIN KVAR MORGON FOR MEG
SOLA PÅ MOLVÆR ER BEST, SYNEST EGI!**




MARS 2025



ÅH, ALELE!
ALLE FUGLER
KRÅKESANG

LIVSMESTRING OG HELSE
**SOSIAL
KOMPETANSE**

MOTO-LEIK
**KINETISK SANS OG
AUGE-HAND TRENING**



LIVET I FJØRA

Vi vil bruke fjøra aktivt,
og øve på grovmotoriske ferdigheter.



PÅSKEFØREBUINGANE

Vi startar påskeførebuingane og lagar påskeypynt, sår karsefrø, lærer påske- og vårsongar.

Det blir påskevandring i kyrkja for førskulebarna. Barnehagen vil ha eit tilbod for dei barna som ikkje skal vere med i kyrkja. Hugs å meld frå til avdelinga.



| | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Laurdag | Sundag |
|----|--------|--------|--------|---------|--------|---------|--------|
| 9 | | | | | | 1 | 2 |
| 10 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 | 9 |
| 11 | 10 | 11 | 12 | 13 | 14 | 15 | 16 |
| 12 | 17 | 18 | 19 | 20 | 21 | 22 | 23 |
| 13 | 24 | 25 | 26 | 27 | 28 | 29 | 30 |
| 14 | 31 | | | | | | |






APRIL 2025


BLOMSTER SMÅ
KANSKJE KOMMER KONGEN,
PÅ ET ESEL RIDER HAN...
EN LITEN KRABBE DET ER JEG

LIVSMESTRING OG HELSE
MANGFALD

MOTO-LEIK
**KASTE/
SPARKE AKTIVITET**



GOD PÅSKE
TIL SMÅ OG STORE I
MOLVÆR BARNEHAGE



LIVET I FJØRA

Vi vil søke kjennskap om naturen og berekraftig utvikling, vi lærer av naturen og utvikler respekt og gryande forståing for korleis vi kan ta vare på naturen. Vi vil ha fellesdugnad i GeilnesfjØra og lære om kjeldesortering.



AKSJONSDAG

Kvart år har barnehagen aksjonsdag. Vi inviterer foreldre, søsken, besteforeldre m.fl. til barnehagen. Her blir det kafè, tombola, loddbøker. Inntekta går til ein organisasjon som hjelper barn. I 2024 samla vi inn over kr 33 000 til Frelsesarmeen



MAI 2025



**HAR DU HØYRT HISTORIA
OM DEI TRE SMÅ FISK
LILLE MÅLTROST
JEG ÅPNER VINDU OG TITTER UT**

**LIVSMESTRING OG HELSE
MANGFALD**

**MOTO-LEIK
HOPPEAKTIVITET**



LIVET I FJØRA

Vi vil bruke fjøra til måltid, leik og aktivitet.
Vi vil bruke ulike teknikkar og materiale
(t.d fjøler, glasbrot).


16. MAI

går vi i prøvetog saman med dei andre barnehagane i Langevåg. Då øver vi på å gå i tog og vi syng nasjonalsongen og andre songar vi syng til 17. mai.

Toget går frå Sulatunet, forbi Rådhuset og til Molværsvegen og har eige korps. Etter prøvetoget går vi tilbake til barnehagen og lagar fest og moro med leikar og felles måltid.

17. MAI-ROPET VÅRT

**AKTIV OG GLAD, HIPP HURRA,
I MOLVÆR BARNEHAGE
HAR VI DET BRA!
HURRA! HURRA! HURRA!**



Vi vil ha fokus på kvifor og korleis vi kan feire 17. mai gjennom historie, forteljingar, song og formingsaktivitetar.

17. MAI

går barnehagen under eiga fane i toget.
Leiaren i samarbeidsutvalet (SU)
ved barnehagen har ansvaret for fana.



TILKNYTING OG BESØKSDAGAR

Barna frå Jakobfjøra og Geilneset, som skal over til Mølen eller Køyla frå hausten av, vil i tida framover gå på besøk og bli kjend med den «nye» avdelinga si.



**HIPP
HIPP
HURRA**



JUNI 2025



PÅ ET LITE GRØNT BLAD
LÅG EN LARVE GRÅ
SOMMER KOMMER
JEG GIKK EN TUR PÅ STIEN

LIVSMESTRING OG HELSE
MANGFALD

MOTO-LEIK
UTEAKTIVITET

LIVET I FJØRA
Vi vil bruke fjøra til
måltid, leik og aktivitet.

FERIEAVVIKLING I MOLVÆR BARNEHAGE

Barnehagen er open heile sommaren. Alle må gi tilbakemelding digitalt på IST Direkte om når barna skal ha ferie. De vil få ein email med frist for tilbakemelding. Totalt skal kvart barn ha 4 veker ferie i løpet av barnehageåret. Dei tilsette avviklar ferie frå og med veke 25 og til og med veke 32. Det kan vere lurt å førebu dei barna som blir i barnehagen i fellesferien, på at:

- vi slår saman avdelingane desse vekene.
- nokre av barna skal då halde til på avdelingar dei ikkje er vande med.
- barna vil møte vaksne som dei kjenner, men som ikkje jobbar på avdelinga deira til dagleg.



5. juni SOMMERFESTIVAL

Storbarn arrangerer sommarfestival på barnehagen for barn og personale.

Vi vil vere mykje ute og oppleve sommaren. Aktivitetar kan vere songleikar, regelleikar og dramatisering.








TIL DEI SOM SNART SKAL STARTE PÅ SKULEN

- I mai/juni reiser vi på utflukt med dei barna som begynner på skulen til hausten.
- **SOMMARFEST:** På ettermiddagstid har vi ei markering i barnehagen. Saman med foreldre og søsken blir det invitert til felles måltid, og ei ekstra markering for dei barna som skal slutte i Molvær barnehage. Dei vil få utdelt ei «minnebok» frå heile tida dei har gått i barnehagen.
- Barn som skal over i skulen har plass til og med 31. juli.

«Hit eit steg og dit eit steg, dansar eg bort på skuleveg....»




Til dei barna som no skal starte på skulen vil vi i barnehagen takke for mange fine stunder ilag! Lykke til vidare!



| | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Laurdag | Sundag |
|----|--|---|---|---|--|--|------------------|
| 22 | | | | | | | 1 |
| 23 | 2 | 3 | 4  | 5 SOMMERFESTIVAL | 6 | 7 | 8 1. pinsedag |
| 24 | 9 2. pinsedag | 10 | 11  SOMMERAVSLUTNING FOR ALLE | 12  | 13 | 14  | 15 |
| 25 | 16  | 17 | 18 | 19 | 20 | 21  | 22 |
| 26 | 23 | 24  | 25 | 26 | 27  IS-FREDAG | 28 | 29 |
| 27 | 30 | | | | | | |



VI VIL VERE
MYKJE UTE OG
OPPLEVE SOMMAREN



GOD SOMMAR TIL ALLE BARN OG FORELDRE I MOLVÆR BARNEHAGE!

TAKK FOR ET FINT
BARNEHAGEÅR!